



**Styre:** Universitetsstyret  
**Styresak:** 61/21  
**Møtedato:** 06.05.2021

**Dato:** 21.04.2021  
**Arkivsaknr:** 2021/2868

---

## Orientering om arbeidsmiljø- og arbeidsklimaundersøkinga ARK

---

### Tilvising til bakgrunnsdokument

- ARK-rapport  
[https://pahoyden.no/files/2021/04/20/2021-UiB\\_no.pdf](https://pahoyden.no/files/2021/04/20/2021-UiB_no.pdf)

### Saka gjeld:

Arbeidsmiljøutviklingsverktøyet ARK vert brukt av den norske universitets- og høgskulesektoren. Initiativet til utvikling av ARK kom i si tid frå universiteta i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø (BOTT). ARK er eit heilskapleg opplegg for å undersøkje arbeidsmiljø og arbeidsklima, og skal fungere som eit leiarverktøy, som ein arena for medverknad i tillegg til å vere ei forskingsdatabase. BOTT-universiteta har stått for utviklinga av verktøyet og er også eigarar av verktøyet. ARK har vore under kontinuerleg utvikling sidan 2013. Hausten 2019 kom versjon 2.0 av ARK-undersøkinga. NTNU forvaltar ARK og leverer gjennomføring av ARK-undersøkingar som oppdragsprosjekt til UH-sektoren.

Utvikling av arbeidsmiljø og arbeidsklima er det viktigaste føremålet med å gå gjennom ein ARK-prosess. Institusjonane som ønskjer å bruke ARK må forplikte seg på følgjande tre område:

- ARK skal gjennomførast i eit samarbeid med vernetenesta og dei tillitsvalde
- Alle ledda i ein ARK-prosess må gjennomførast (forankring, kartlegging, utvikling, implementering av tiltak og evaluering)
- Dataa som vert samla inn skal overførast til ein forskingsdatabase som også dannar grunnlag for samanlikningar over tid ved kvar enskild institusjon og for forskinga


Universitetet i Bergen tok i bruk ARK i 2014 og har hatt ei sekvensiell utrulling av ARK for den første gjennomføringsrunden. Etter at alle einingane hadde gjennomført ARK minst ein gong, vart det i 2019 bestemt at universitetet skulle gå over til køyre felles undersøkingar. På grunn av pandemien vart utrullingstidspunktet for ARK forskyvd frå hausten 2020 til mars 2021. Ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå fakulteta, vernelina, dei tillitsvalde, bedriftshelsetenesta og HR-avdelinga har planlagt og koordinert arbeidet internt ved universitetet sidan september 2020. Eit stort tal lokale prosjektleiarar og prosessrettleiarar har vore kursa gjennom hausten og våren for å kunne leggje til rette for oppfølginga av undersøkinga ved einingane.

ARK-undersøkinga og oppfølginga av denne skal vere med på å utvikle universitetet som ein arbeidsplass som gir betre helse og trivsel for medarbeidarane, og som såleis aukar måloppnåinga til universitetet: Kva er det som utgjer eit godt arbeidsmiljø ved universitetet og korleis kan vi arbeide for å leggje til rette for og videreutvikle gode arbeidsmiljø.

Alle tilsette ved universitetet fekk epost med lenke til undersøkinga 8.mars. Svarfristen var 29.mars. Rektor og universitetsdirektør har gjennom epost, saker i På Høyden og i ulike fora oppmoda tilsette til å svare på undersøkinga. Vernelina har også aktivt reklamert for undersøkinga.

Måndag 19.april vart resultatata på institusjonsnivå gjort kjend og resultatata for dei ulike einingane var også vidarefordelt same dag. Svarprosenten var 50,4%. 80% av leiarane ved universitetet har svart på undersøkinga, 43% av dei vitskaplege, rett i underkant av 68% av dei teknisk-administrativt tilsette og kring 29% av stipendiatgruppa. Som det kjem fram av rapporten vist til i lenka øvst i saka ligg resultatata for universitetet tett på sektorsnittet eller rett over.

Figuren under gir ei visuell samanlikning av ARK-resultata frå 2014-2019 med 2021.



Det er ei positiv utvikling ved universitetet på dei fleste hovudområda samanlikna med resultatata frå den første sekvensielle gjennomføringsrunden (i rapporten vist til som resultat «2014-2019»).

I HMS-årsrapport for 2020 har einingane ved universitetet meld inn talet på gjennomførte medarbeidersamtalar (styresak 622021). ARK-undersøkinga viser også at gjennomførte

medarbeidarsamtalar ligg lågt i 2020, i tillegg til at gjennomføringsgraden har blitt lågare i løpet av perioden. Samstundes er det fleire som har større utbyte av medarbeidarsamtalane i 2021 enn tidlegare.

Tidsplan og prosess vidare er at fakultet, institutt, avdelingar og seksjonar skal følgje opp med å gjennomgå resultatane i rapportane og med å meisle ut tiltak for å arbeide med utvikling av arbeidsmiljøet. Dette arbeidet vil strekkje seg utover våren og inn i haustsemesteret. ARK-rapportane vil bli framlagde for Arbeidsmiljøutvalet og for dei tillitsvalde. Einingane vil rapportere om oppfølginga av ARK og kva tiltak og mål dei har sett seg for arbeidsmiljøet, i samband med HMS-årsrapportering for 2021.

### **Universitetsdirektøren sine kommentarar**

Universitetsdirektøren meiner resultatane i ARK-undersøkinga viser at arbeidsmiljøet ved universitetet generelt sett er godt, og at det vert arbeidd aktiv med utvikling av arbeidsmiljøet. Ein svarprosent rundt 50% er i underkant av det ein hadde ønska seg, men resultatane gir likevel eit høveleg bilete av korleis arbeidsmiljøet ved universitetet vert oppfatta. Det er positivt at arbeidsmiljøet har utvikla seg til det betre over tid. Dei siste året har vore spesielt og både leiarar og kollegaer har gjort en stor innsats for å ivareta kvarandre og arbeidsmiljøet i denne krevjande perioden.

Den store oppfølginga av ARK-undersøkinga går no føre seg lokalt i einingane ved universitetet. Det er utfordringar enkelte stader, noko også ARK-resultatane for ein skilde einingar vil vise. Oppfølgingsdelen av ARK-undersøkinga gir god moglegheit til og har eit godt rammeverk for å ta tak i desse utfordringane saman med dei tilsette og dei tillitsvalde.

Også ARK-undersøkinga synleggjer at universitetet har vanskar med å få opp talet på gjennomførte medarbeidarsamtalar. Universitetsdirektøren viser til sak 62/2021 om HMS-rapportering og til omtalen av medarbeidarsamtalar i saka.

### **Forslag til vedtak:**

Universitetsstyret tek gjennomgangen av ARK-undersøkinga til førebels orientering.

Robert Rastad  
universitetsdirektør

21.04.2021/Sonja Irene Dyrkorn